

## Årsmelding for Bø Orienteringslag året 2018

Styret for Bø o-lag har i 2018 sett slik ut:

Leiar:	Steinar Lande	(På valg)
Sekretær:	Tone Nilsen	(på valg)
Kasserar:	Jon Kvisli	(ikkje på valg)
Sportslig leiar :	Dag Steinar Ragvin	(ikkje på valg)
Styremedlem:	Marijanne Holtan	( ikkje på valg)
Styremedlem:	Bjørn Steen	(på valg)
Styremedlem:	Dag-Øyvind Olsen	(på valg)
Kartansvarleg:	Per Chr. Hagen	(på valg)
Valkomitè:	Jon Solberg	(ikkje på valg)
	Eivind Frode Rinde	
Revisor:	Lars Sanden og Trude Harstad	
Web-ansvarleg:	Jon Kvisli	

Styret har hatt 4 styremøte i løpet av 2018, i tillegg kjem eit møte med banken om sponing av klubben.

### Medlemstal og økonomi

Medlemstalet har gått ned til 114 medlemmer i 2018 mot 125 i 2017.

Regnskapet viser eit underskot i 2018 på kr 41338, mot eit budsjettert underskot på kr. 99000. At resultatet er såpass mykje bedtre skyldast både at me har fått utbetalt spillemidler for Breisåskartet i år, og at en del arbeid på kartet Breisås sør ikkje blei ferdig før etter nyttår, og dermed ikke fakturert i 2018..

Bø o-lag har ein eigenkapital på 276566 kr pr. 31.12.2018.

### Materiell og utstyr

Det har vore litt svinn av utstyr på treningsløp i 2018. Etter sesongen har vi og kasta 20 postflagg som var svært falma. Vi kjøpt inn dette materiellet for å supplere:

- 4 stk. EKT posteiningar
- 10 EKT løperbrikker
- 20 stk. postskjermar m/innsydd refleksiagonal
- 1 stk. EKT plastkoffert (utan innhald)
- 500 plastlommer A4
- 1 stk. Tunneltekt 2 seksjoner

Laget har nå følgande EKT- og postutstyr:

- 2 stk. MTR4 avleser for EKT-brikker i plastkoffert
- 3 stk. ETP3 termisk strekktidskrivarar (1 er ustabil)
- 30 stk. EKT-løparbrikker til utlån
- 54 stk. EKT posteiningar på aluminiumsbukkar (52 ulike koder)
- 39 stk. EKT posteiningar i snor til treningsløp

3 stk. EKT starteiningar (kode 0)  
4 stk. postbukkar i tre (Ein har to EKT posteiningar med kode 100)  
30 stk. postskjermar med innsydd refleksband  
50 stk. postskjermar utan refleksband  
22 stk. nattløpsmarkørar m/ farga refleks

### **Heimeside og Facebook.**

Bø o-lag har både heimeside og profil på FB. Heimesida [www.boolag.org](http://www.boolag.org), som Jon Kvisli er ansvarleg for, inneheld informasjon om resultat og strekktider frå alle treningsløp. Både på FB og heimesida blir det lagt ut informasjon om kva som skjer i og rundt Bø o-lag. På FB kan også medlemmane sjølv legge ut kommentarar og bilete dei vil dele med resten av klubben.

### **Større arrangement (av Dag Steinar Ragvin)**

O-laget arrangerte kretsløp frå Telemarkshallen søndag 13. mai. 190 deltok. 13 av desse var frå Bø. Steinar Lande var løpsleiar. Dag Steinar Ragvin var løypeleggjar. Været var fint og folk virka fornøgd. Tusen takk til dei som hjalp til!

Bø o – lag hjalp Høydalsmo IL og IL Dyre Vaa i samband med sommarløpa 18. og 19. august som også var NM og Norgescup.

### **Treningsløp**

18 treningsløp vart arrangert på onsdagar. Inkludert i desse var 4 haustsprintløp og klubbmeisterskap. Desse klubbløpa hadde totalt 791 startar, 44 i gjennomsnitt pr. løp. Deltakinga har variert frå 18 til 134. Tala er gode, slik dei også har vore dei siste åra:

- \* 2013: 720 startar i 20 løp; i snitt 36 pr. løp
- \* 2014: 860 startar i 21 løp; i snitt 41 pr. løp
- \* 2015: 725 startar i 20 løp; i snitt 36 pr. løp
- \* 2016: 755 startar i 20 løp; i snitt 38 pr. løp
- \* 2017: 926 startar i 19 løp; i snitt 46 pr. løp
- \* 2018: 791 startar i 18 løp; i snitt 44 pr. løp

I tillegg til dette vart det arrangert to treningsløp i nattorientering 28. november og 5. desember med 14 og 20 deltakarar.

259 personar deltok ein eller fleire gonger. Ein viktig årsak til gode tal er truleg sesongstart med rekruttløp rundt påsketider ved Bø skule og Gullbring, men også marknadsføring av rekruttløpa og treningsløpa i Bø blad tidleg. Val av stad/terreng har også mykje å seie. Vi la ekstra ressursar i dei fire fyrste løpa med eigne rekruttansvarlege. Tusen takk til alle arrangørar!

## **Treningar**

Gjennom heile sesongen var det treningar for barn mandag kveld kl. 17:00 – 18:00 frå Breisås studentheim. Dag Steinar Ragvin var hovudtrenar. Om lag 4 – 6 deltok kvar gong. Dei fekk prøve seg på stjerne-o, kurve-o, henge ut postar etc. Første laurdag etter siste hausttrening var det klubbtur til Porsgrunn City Race og Skien Fritidspark med badeland og pizza.

I november blei det gjennomført tre treningar med nattorientering i forkant av to treningsløp i nattorientering med tidtaking. Om lag 15 deltakarar i alle aldrar deltok desse tre treningskveldane.

## **Rekruttering i Bø o-lag** (Bjørn Steen)

Vi arrangerte to «Råtassen»-løp i 2018. Det var ved Bø skule 11. april med 31 deltakarar og ved Gullbring/Høgskolen 18. april med 38 deltakarar.

Skulearrangement i Gullbring på World Orienteering Day 25. mai. Ca. 110 elever fra Bø skule og Folkestad skule deltok.

I N-løypa starta det 101 i vårhalvåret og 38 i hausthalvåret. Til saman 139 startar.

I C-løypa starta det 142 i vårhalvåret og 69 i hausthalvåret. Til saman 211 startar. Det var mange speidarar med på det andre løpet på våren i C-løypa.

O-troll-leir i Sandefjord (8-12 år) 26. – 27. mai. 4 deltakarar frå Bø + 1 leiar. Leirdeltakarane deltok i Hedrum o-lag sitt o-løp på sundagen.

## **Klubbmeisterskap**

Klubbmeisterskapet blei arrangert onsdag 20. juni frå skytebanen på Nordbøåsane. Dette blei sommaravslutning med grilling etter løpet utover sommarkvelden. Dette var vellykka. 42 deltok. Følgjande blei klubbmeistrar:

H-12 Sondre Harstad Rinde

D15- Elise Støren

H15- Dag Steinar Ragvin

D50- Gyrid Kvåle

H50- Jarle Botnen

D70- Bjørg Mostaul

H70- Hallvard Myrvoll

## **Kretsmeistrar og medaljar i KM**

## Individuelt

D70: Margit Ryen Steen Kretsmeister langdistanse

H21: Dag Steinar Ragvin Sølv langdistanse

Stafett 2. september Bamble

H17: Sølv til Bø o – lag (Eivind Frode Rinde, Jon Solberg, Dag Steinar Ragvin)

Resultat frå nasjonale meisterskap og liknande

NM stafett 16. september Vegårshei, H17

52. Bø o – lag 1 (Eivind Frode Rinde, Jon Solberg, Dag Steinar Ragvin)

62. Bø o – lag 2 (Sigve Botnen, Steinar Lande, Asbjørn Klakeg Forland)

## **Andre NM**

NM langdistanse Vegårshei: 41. Dag Steinar Ragvin H21

NM ultralangdistanse Høydalsmo: 26. Dag Steinar Ragvin H21

30. Lars Steinar Hefre H21

NM nattorientering Drammen: 42. Lars Steinar Hefre H21

50. Dag Steinar Ragvin H21

Veteranmeisterskapet sprint, Ås

7. Synnøve Dalva D75

20. Per Christian Hagen H65

40. Arne Lande H70

## **Veteranmeisterskapet langdistanse, Ski**

6. Steinar Lande H45

7. Synnøve Dalva D75

22. Per Christian Hagen H65

48. Arne Lande H70

## **Veteranmeisterskapet mellomdistanse, Ski**

7. Steinar Lande H45

22. Per Christian Hagen H65

### **World Masters Orienteering Championships, Danmark**

#### **Sprint**

7. Per Christian Hagen M65 C-finale

36. Arne Lande M70 E-finale

6. Inger Lise Solberg W75 B-finale

46. Olav Solberg M75 C-finale

#### **Mellomdistanse**

22. Per Christian Hagen M65 C-finale

25. Arne Lande M70 E-finale

49. Inger Lise Solberg W75 A-finale

#### **Langdistanse**

12. Per Christian Hagen M65 C-finale

16. Inger Lise Solberg W75 B-finale

39. Olav Solberg M75 C-finale

#### **Anna**

Deltaking frå o – laget i nokre andre løp:

Nord Jysk Danmark i mars 19

Drangedalsløpet med KM 16

Sørlandsgaloppen 14

Porsgrunn City Race 14

Bøløpet 13

Pinseløp Kongsberg 10

Sommarløp Rauland 10

O-festivalen Fossum 10

Sommarløp Høydalsmo 9

Vårløp Larvik 8

Vårløp Hedrum 8

Fjord – O 7

Hjalmarløpet Skien 6

Fjelløpet Haukeli 5

Klubben deltok for femte år på rad i den stemningsfulle natt- og dagstafetten Night Hawk på seinsommaren. I år på Konnerud ved Drammen. Seks Bø-løparar utgjorde eit lag i klassa Night Hawk Men.

### **Klubbturear**

Nord Jysk 2-dagars i Danmark 9 – 11. mars. 21 deltok på turen.

Porsgrunn City Race i Brevik og Skien Fritidspark med badeland og pizza 29. september. 18 var med på turen.

### **Kartarbeid 2018** (Per Christian Hagen)

Revidert kart over nærterrenget i Breisås er synfart av Anders Fossøy og tegnet på duognad av Jon Kvisli. Dette var klart til sesongstart 2018. Vår søknad om 34 000 kr i spillemidler til kartet ble innvilget, og pengene ble utbetalt rett før årsskiftet etter at regnskapet var innsendt og godkjent.

Nærmiljøkart Breisås sør, som dekker området mellom Midling-løypa og Roegrenda, ble synfart høsten 2018 og vil være ferdig til sesongstart 2019. Kartet synfares og tegnes av Kartfirma Anders Fossøy. Dette området vil bli tatt i bruk til KM mellomdistanse for Telemark og Vestfold 19. mai. Vår søknad om 55 000 kr i spillemidler til dette kartet ble også innvilget i 2018. Vi regner med at midlene vil bli utbetalt i løpet av første halvår 2019, etter at anleggsregnskapet er avsluttet og levert.

Jon Kvisli har synfart og tegnet inn områder med ny hogst på åsen nord på Vatnar-kartet og på Herremo-kartet. Han har i løpet av 2018 også oppgradert alle konkurransekartene våre til den nye kartnormen ISOM-2017 (kun tegning). Per Chr. Hagen har synfart et nytt hogstfelt nær Hellestad sandtak på Folkestad-kartet. På kartet Bø camping er det en del ny tynningshogst og flatehogst, både inne i og rett nord for lysløypa. Dette er foreløpig ikke tegnet inn i kartbasen, og vegetasjon i dette området bør revideres før det legges løyper her.

### **Materiell og utstyr**

I 2017 har vi kjøpt inn følgende nytt materiell:

- 17 stk. EKT posteiningar
- 2 stk. poststativ i aluminium
- 4 stk. kodebrakettar til poststativ
- 10 stk. postskjermer m/innsydd refleksiagonal
- 1 stk. EPR3 termisk strekktidsskrivar til MTR4
- 1 stk. liten førstehjelpspakke
- 5 stk. kompass for utlån

To gamle EKT posteiningar er kassert, og det er svinn på 3 andre i løpet av sesongen.

Laget har nå følgende EKT- og postutstyr:

- 2 stk. MTR4 avleser for EKT-brikker
- 3 stk. ETP3 termisk strekktidsskrivarar (1 er ustabil)
- 28 stk. EKT-løparbrikker til utlån
- 66 stk. EKT posteiningar på aluminiumsbukkar (64 ulike koder)
- 39 stk. EKT posteiningar i snor til treningsløp
- 3 stk. EKT starteiningar (kode 0)
- 4 stk. postbukkar i tre (Ein har to EKT posteiningar med kode 100)
- 47 stk. postskjermer til terminfesta løp
- 41 stk. postskjermer til treningsløp
- 22 stk. nattløpsmarkørar m/ farga refleks

### **Avslutningsfest på Bø ungdomskule**

Det er blitt ein tradisjon å avslutte o-året på Bø ungdomskule. Medlemmer i alle alder møter opp. November 2018 var me ca. 40 stk. på denne kvelden. Kvelden byr på pizza, quiz, o-løp, lotteri og premiar til dei yngste i laget. Premiar til lotteri og dei unge håpefulle er frå lokale sponsorar. Dette er ein hyggeleg kveld – takk til dykk som arrangerer!

Styret takkar medlemmer og andre som har stilt opp for Bø o-lag i året 2018.

Bø 11. februar 2019.

For styret, sekretær: Tone Nilsen